

Merknad til kommuneplanens arealdel, saksnummer 2025/2590.

1. NÆ3 – Djupedalen Hol :

I vårt innspel til kommuneplanens arealdel er utvidinga av næringsarealet på 19/1 tegna inn slik at dyrka og dyrkbar mark blir halde utanfor. Kommunen teikna så inn eit større areal enn vårt forslag. Dette resulterte i at det frå fylkeskommunen kom merknader på den delen av arealet som var dyrka og dyrkbar mark, som kommunen hadde teikna innanfor planen. Kommunen har no justert grensa noko etter denne merkningen, men ikkje attende til det som er utgangspunktet for vårt innspel til utviding. Me ber kommunen justere arealet til det me tekna inn i vår innspel til planen. Arealet vil då vera i samsvar med ynskje om at dyrka og dyrkbar mark ikkje vert berørt av utvidinga.

2. Bestemmelser: NÆ3 (Djupedalen) Lett industri/lager/verksted.

I samband med vårt innspel til kommunen om at arealet kan vera godt egna til nytt RA Hol, og samstundes som fellesareal for både teknisk etat sin uteseksjon og eventuelt brann-etaten , meiner me at arealet også bør ha betegnelsen «offentleg verksamheit».

3. Areal til 19/1 i Djupedalen, ved kulpene og Djupedalsfossen, er i planen lagt til som energiforsyning. Ynskje bør vera at dette arealet for all framtid skal vera slik det er i dag som LNF areal. Me ser ingen grunn til at dette skal leggjast til energiforsyning, og spør om ikkje dette berre er ei feilregistrering i planen som bør rettast opp i.

Hol den 24. oktober 2025

Helsing

Erling Nerol